



Hansen & Eknes AS  
Saltverket Osterøyvegen 2514  
5283 FOTLANDSVÅG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/2816 - 23/8758

Saksbehandlar:  
Marit Nedreli  
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:  
20.04.2023

## 103/45 Hanstveit - Legging av vassleidning - ferdigattest

### Administrativt vedtak. Saknr: 105/23

**Tiltakshavar:** Unni Sissel Løtveit  
**Ansvarleg søkjar:** Hansen & Eknes AS  
**Tiltak:** Legging av vassleidning  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

### Rådmannen sitt vedtak:

"Endra plassering vert godkjent, jf. motteken erklæring frå eigarar av gnr. 103 bnr. 2, jf. plan- og bygningslova § 29-4.

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for legging av vassleidning frå eksisterande einebustad på gnr. 103 bnr. 45 til kommunal leidning."

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 09.11.2021 saknr. 400/21.

Det er opplyst i søknaden at leidningstraseen er endra og at tiltaket dermed vert mindre inngripande. Eigarane av gnr. 103 bnr. 2 har i erklæring av 18.03.2023 gjeve rett for gnr. 103 bnr. 45 til å leggje og ha liggjande vassleidning over sin eigedom.

Det vert elles synt til søknad motteken 18.04.2023.

### Skildring

Adresse:	Gnr. 103 bnr. 45.
Bygningstiltak:	Legging av vassleidning

## VURDERING

### Plassering

Endra plassering vert godkjent, jf. motteken erklæring frå eigarar av gnr. 103 bnr. 2.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

### Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/2816.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit  
rådmann

Marit Nedreli  
fagansvarleg byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Hansen & Eknes AS  
Unni Sissel Løtveit

Saltverket Osterøyvegen 2514  
Gomperudgata 38

5283  
3031

FOTLANDSVÅG  
DRAMMEN